



# DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

## Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

**Tid:** 03.09.2015 kl. 15:15-17:30

**Stad:** ASKVOLL

---

### Frammøtte medlemmer:

Ole Andreas Myrstad	Leiar	
Anne Grethe Lien	Nestleiar	
Linda Karin Solheim	Medlem	
Reidun Melvær Norheim	Medlem	
Kari Berit Ness	Medlem	
Inger Lise Saltskår	Medlem	Ikkje til stades ved sak 34 og 35
Oddvar Reidar Indrebø	Medlem	
Arne Fedøy	Medlem	
Stein Hugo Fykse	Medlem	
Jorunn Ringstad	Medlem	
Jostein Vidar Takle	Medlem	Ikkje til stades ved sak 34 og 35
Åge Guddal	Medlem	

---

**Forfall:** Ingen

---

### Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener Kyrkjeverje

---

### Saker handsama på møtet:

Saksnr	§	Tittel	Sakshandsamar
SR 2015/34		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2015/35		Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.06.2015	RUNE ZIENER
SR 2015/36		Skriv og meldingar	RUNE ZIENER
FR 2015/37		Innvendig trappeløysing Holmedal kyrkje	RUNE ZIENER
FR 2015/38		Sikring av Holmedal kyrkjegard. Val av tilbydar.	RUNE ZIENER
FR 2015/39		Prinsipp for praktisering av feste ut over 70 år etter sist gravlegging.	RUNE ZIENER
SR 2015/40		Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av røystestyret.	RUNE ZIENER
SR 2015/41		Kyrkjevalet 2015. Godtgjersle til medarbeidarar ved valet.	RUNE ZIENER
SR 2015/42		Møteplan haust 2015	RUNE ZIENER
SR 2015/43		Evt.saker	-

Askvoll, 03.09.2015

Rune Ziener

---

## SR 2015/34 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og dagsorden som dei ligg føre.

---

## SR 2015/35 Godkjenning av protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.06.2015

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.06.2015.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokoll frå møte i Askvoll sokneråd 01.06.2015

---

## SR 2015/36 Skriv og meldingar

### UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

- M 34/2015 Tilsettingsvedtak i trusopplæringsstilling
- M 35/2015 KA: *Tariffrevisjonen pr. 01.05.2015 - resultatet kan iverksettes* (01.07.2015)
- M 36/2015 Knut Landøy: *Urimelige festeavgifter* (17.06.2015)
- M 37/2015 Kyrkjerådet: *Festing av grav og betaling for dette* (06.07.2015)
- M 38/2015 Gravplassvedlikehaldet. Drøfting.
- M 39/2015 Askvoll kommune: *Budsjettrundskriv 2016* (31.08.2015)
- M 40/2015 Drøfting: Skal kyrkja/Askvoll sokn føreta seg noko i samband med flyktningsituasjonen?

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.
2. M-sak 36/2015 vert oppfølgt som vedtakssak i neste møte.

---

## FR 2015/37 Innvendig trappeløysing Holmedal kyrkje

### UTGREIING

Galleriet i Holmedal kyrkje er av brannsikringsomsyn stengt for publikum. Dette er ein ikkje-ønska situasjon, som mellom anna fører til redusert besøkskapasitet på kyrkjebygget. Særleg etter at det er fjerna ein del benkar i år, vil redusert kapasitet kunne verte eit problem.

Ulike supplerande rømmingsvegløysingar til dagens galleritrapp i våpenhuset har vore vurdert. Det som truleg vil vere ideelt er å få til ei innvendig galleritrapp med nedkomst bak i kyrkjeskipet.

Trappeprodusenten AS har utarbeidd eit løysingsforslag på korleis ei trapp kan verte utforma og innplassert under galleri.

Trappeforslaget er ei 180 graders vinkla trapp med 15 opne trinn.

Trappebredde er 110 cm.

Midtre inntrinns lengde er 29 cm.

Materialdimensjon er 40 mm på både trinn og vangar.

Trappa er føreslege med nedløp i skipet si lengderetning inn i rommet, og må såleis ha rekkverk på begge sider.

Trappa vil verte overflatebehandla i harmoni med øvrige fargar i skipet.

Eit døme er tre fargar med golvfarge på trinna, søylefarge på vangar og handlist og veggfarge på rekkverk.

Vedtaksmynde i saka:

Askvoll sokneråd har vedtaksmynde i saka.

Ombygginga skal godkjennast av bjørgvin biskop, og i og med at Holmedal kyrkje er listeført skal

Riksantikvaren uttale seg før godkjenning.

### INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek at det vert bygd ei innvendig galleritrapp i Holmedal kyrkje i samsvar med skisse frå Trappeprodusenten AS.

2. Søknad om godkjenning av ombygginga vert sendt til Bjørgvin biskop.

3. Tiltaket vert lagt inn i budsjett for 2016.

### SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek at det vert bygd ei innvendig galleritrapp i Holmedal kyrkje i samsvar med skisse frå Trappeprodusenten AS.

2. Søknad om godkjenning av ombygginga vert sendt til Bjørgvin biskop.

3. Tiltaket vert lagt inn i budsjett for 2016.

---

## **FR 2015/38 Sikring av Holmedal kyrkjegard. Val av tilbydar.**

### **UTGREIING**

I samsvar med tidlegare vedtak har det vore gjennomført tilbodskonkurranse for planlagt tiltak ved Holmedal kyrkjegard. Tiltaket har i samsvar med regelverk for offentlege innkjøp vore kunngjort på Doffin, med tilbodsfrist 6. juli.

Det kom inn tre tilbod (inkl. MVA) innan fristen:

Askvoll Maskinstasjon	kr 628.300,00
Grunnfjell AS	kr 861.437,50
Holmedal Maskin og Sveis DA.	kr 1.948.750,00

Sivilingeniør Edvin Helle AS har vore ansvarleg for prosjektering og gjennomføring av konkurransen, og tilrår at rimeligaste tilbydar vert valt. Tilbodet ligg innanfor budsjettamme i prosjektet.

Etter Askvoll sokn sitt økonomireglement § 3-3 skal enkeltanskaffelser på over kr 100.000,- godkjennast av Askvoll sokneråd.

### **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Askvoll Maskinstasjon for å gjennomføre sikringstiltak ved Bakkeelva.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vel tilbodet frå Askvoll Maskinstasjon for å gjennomføre sikringstiltak ved Bakkeelva.

---

## **FR 2015/39 Prinsipp for praktisering av feste ut over 70 år etter sist gravlegging.**

### **UTGREIING**

Det har vore ei oppmjuking i regelverket for forlenging av festeavtaler for graver eldre enn 70 år. Den tidlegare bestemmelsen om at kyrkjeleg fellesråd skulle godkjenne feste ut over 50 år er teke bort, og det har vore ein justering av den tidlegare bestemmelsen om at feste ut over 70 år etter sist gravlegging berre kan gjevast løyve til i særskilte tilfelle, er endra.

I saksutgreiinga for vedtektsendringa er det lagt inn som føring at så lenge det er kapasitet på gravplassane bør det ikkje vere noko hinder for å gje løyve til feste ut over 70 år etter sist gravlegging.

I samband med arbeidet med opprydding i gravregisteret er det viktig at soknerådet fastset prinsipp for korleis ein skal praktisere ordninga når ein startar systematisk med varsel av utløpte feste for graver over 70 år.

#### *Kapasitet på gravplassane*

I perioden januar til august er det sletta 90 graver totalt i kommunen. Talet ledige graver totalt i kommunen er nær 1300, noko som betyr at ein i utgangspunktet har svært god kapasitet totalt sett. Ledige graver utgjer noko over 20% i Askvoll. Gravferdslova har eit krav om ledig kapasitet til minimum 3% av befolkninga. Færrast ledige graver er det i Stongfjorden (52 stk), mens det ut frå folketalsgrunnlaget er relativt sett færrast i Gjelsvik (80 stk).

I perioden januar-august er det sendt ut varsel om utløpt feste på om lag 450 graver, av desse er det ca. 360 det er inngått festeavtale på, og altså 90 som er sletta (80% fornyingsgrad).

Arbeidet med varsling av utløpte feste vil halde fram, og ein har enno ikkje starta med systematisk utsending for graver som er eldre enn 70 år etter sist gravlegging. Totalt dreier dette seg om om lag 8-900 graver. Andelen forlenga festeavtaler for desse vil naturleg vere lågare enn det som gjeld for gravene det er sendt varsel på så langt i 2015.

Dette betyr at ved utsending av varsel om festeutløp vil ein frigjere gravareal, sjølv om fleire får tilbod om å forlenge feste. Om ein legg til grunn same fornyingsgrad ein har hatt på dei 450 utsendte varslene som er sendt ut så langt i 2015, vil ein frigjere minimum om lag 160-180 graver av dei 8-900 gravene som er eldre enn 70 år, sjølv om dei som ønskjer å forlenge festeavtale får høve til det. Kapasitetsmessig skal det altså ikkje vere noko hinder å gje tilbod om feste til alle som ønskjer dette.

Med redusert festeperiode frå 10 til 5 år, vil ein dessutan raskare enn tidlegare kunne frigjere gravareal om det viser seg å vere behov for det.

### *Fullmakt til administrasjonen*

Så langt har det vore særskilt handsaming i soknerådet av alle søknader om feste ut over 70 år. Om ein no tek til å sende varsel på alle dei 8-900 gravene dette gjeld, vil søknadsmengden verte stor, og individuell handsaming i soknerådet vil vere svært tungvint. Mest effektivt vil det då vere å gje fullmakt til administrasjonen å gje løyve til forlenga feste ut over 70 år.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd legg til grunn ei liberal praktisering av løyve til gravfeste ut over 70 år etter sist gravlegging, slik at alle som ønskjer det får slik løyve så lenge det ikkje er kapasitetsmessige hindringar for dette.
2. Kyrkjeadministrasjonen har fullmakt til å gje slikt løyve.

## **MØTEHANDSAMING**

Det vart sett fram forslag frå Ole Andreas Myrstad om nytt punkt 3:

Askvoll sokneråd vert halde orientert om desse søknadene.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd legg til grunn ei liberal praktisering av løyve til gravfeste ut over 70 år etter sist gravlegging, slik at alle som ønskjer det får slik løyve så lenge det ikkje er kapasitetsmessige hindringar for dette.
2. Kyrkjeadministrasjonen har fullmakt til å gje slikt løyve.
3. Askvoll sokneråd vert halde orientert om desse søknadene.

---

## **SR 2015/40 Kyrkjevalet 2015. Oppnemning av røystestyre.**

### **UTGREIING**

Ved kyrkjevalet skal det for kvar valkrins vere eit røystestyre oppnemnd av valstyret. Røystestyret har ansvar for gjennomføringa av valet på kvar røystestad, og skal sjå til at nødvendig materiell er tilgjengeleg i vallokalet, samt overlevere rapport og mottekne røyster til valstyret når valtinget er lukka.

Det skal vere ein leiar for i kvart røystestyre som tek dei nødvendige avgjerder på valtinget.

Det er seks valkrinsar i soknet, og det skal såleis oppnemnast 6 røystestyre. Tabellen nedanfor er eit forslag på samansetning av røystestyre for soknet. Ikkje alle har gjeve positiv respons på at dei kan stille, og om ein manglar folk til røystestyra bør t.d. kyrkjeverja få fullmakt til å komplettere styremedlemmer.

<b>KRINS</b>	<b>RØYSTESTAD</b>	<b>OPNINGSTID</b>	<b>RØYSTESTYRE (inkludert vara)</b>
Bulandet og Værlandet	Værlandet ungdomshus	09:00 - 12:30 og 15:00 - 18:00	Reidun Melvær (leiar) Marit Veim Thistel Synnøve Melvær Asta Landøy Per Vidar Nybø (vara) Norvald Fedøy (vara)
Atløy	Atløy Kulturhus	09:00 - 12:30 og 15:00 - 18:00	Kirsten Grane (leiar) Einar Landøy Ester Hugøy Else Stølen Gunn Elin Sætre (vara) Anne Marie Høyvik (vara)
Askvoll	Askvoll Rådhus	09:00 - 19:00	Ragnhild Holmelid (leiar) Wenche Ness Gabrielsen Runa Kjøsnes Linda Solheim Torun Grane Oddvar Indrebø (vara) Arne Tjugum (vara)
Holmedal	Holmedal Bygdehus	09:00 - 18:00	Ellen Marie Tveit (leiar) Kari Berit Ness Runhild Øvreås Astri Helle Marit Veberg Ask Sigmund Rivedal (vara) Jorunn Bull (vara)
Stongfjorden	Stongfjorden Grendahus	09:00 - 12:30 og 15:00 - 18:00	Lasse Vie (leiar) Magnhild Osland Inger Bjåsnes
Gjelsvik	Allaktivitetshuset, Høgda	09:00 - 12:30 og 15:00 - 18:00	Marit Leknes Gryte (leiar) Marit Leknes Egil Helge Tjønneland Anne Marie Sve Mandelid (vara) Sonja Karin Molvik Myrstad (vara)

## **INNSTILLING**

1. Valstyret oppnemner røystestyre i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å komplettere røystestyra om det viser seg at ein manglar folk.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Valstyret oppnemner røystestyre i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.
2. Kyrkjeverja har fullmakt til å komplettere røystestyra om det viser seg at ein manglar folk.

---

## **SR 2015/41 Kyrkjevalet 2015. Godtgjersle til medarbeidarar ved valet.**

### **UTGREIING**

Det er bevilga kr 29 millionar i direktetilskot til dei kyrkjelege fellesråda i statsbudsjettet for å gjennomføre kyrkjevalet i 2015.

Askvoll sokn mottek kr 38.825,- i tilskot.

Bruken av midlane skal rapporterast til Kyrkjerådet etter at valet er gjennomført, og det er forutsett at tilskotet skal nyttast til utgifter i samband med valet.

I hovudsak er dette utgifter til:

- godtgjersle til valmedarbeidarar
- reiseutgifter for valmedarbeidarar
- materiell
- informasjon

Informasjonstiltak og valmateriell vil komme på om lag kr 5.000,- og resterande midlar skal dekke utgifter til valmedarbeidarane.

Soknerådet må fatte vedtak om kva refusjons- og godtgjerslesatsar ein skal nytte.

Så langt det passar, kan ein gjerne nytte det ordinære regulativet for godtgjersle i soknet.

Aktuelle satsar her er:

- refusjon for tapt arbeidsforteneste (dokumentert) med inntil kr 1.600,- pr. dag/ kr 213,- pr.time
- møtegodtgjersle kr 318,19 pr. møte
- reiseutgifter

Valstyret:

Valstyret skal samlast til opptelling og valoppgjjer på kveldstid etter valet.

Valstyret skal vere vedtaksført, så minimum seks medlemmer må stille. Med åtte møtande medlemmer vil ein ha ein kostnad til møtegodtgjersle på om lag kr 2.500,-.

Røystestyra:

Med seks valkrinsar og minst fire personar i kvart røystestyre ville full refusjon for tapt arbeidsforteneste utgjere over kr 40.000,-, noko som totalt sett vil gje ei underfinansiering på omkring kr 5.000,- for kyrkjevalet. Likevel vil ikkje alle kunne legge fram dokumentert krav på refusjon, så reell refusjon vil vere lågare enn dette. I alle høve bør dei i røystestyra som ikkje har krav på refusjon for tapt arbeidsforteneste få møtegodtgjersle.

I tillegg bør ein yte reisegodtgjersle etter ordinære satsar til alle som medverker ved kyrkjevalet.



## INNSTILLING

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjeret 14. september.
2. Medlemmer av røystestyra får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av røystestyra som ikkje kvalifiserer for refusjon av tapt arbeidsforteneste får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekkja reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.

## SAMRØYSTES VEDTAK

1. Valstyret får ordinær møtegodtgjersle for oppmøte i samband med valoppgjeret 14. september.
2. Medlemmer av røystestyra får kompensert for tapt arbeidsforteneste etter gjeldande reglement for soknet.
3. Medlemmer av røystestyra som ikkje kvalifiserer for refusjon av tapt arbeidsforteneste får ordinær møtegodtgjersle etter gjeldande reglement for soknet.
4. Alle valmedarbeidarar får dekkja reiseutgifter i samsvar med gjeldande reglement for soknet.

---

## SR 2015/42 Møteplan haust 2015

### UTGREIING

Det bør lagast ein møteplan for hausten 2015 samt plan for overgang til nytt sokneråd.

Forslag til møteplan hausten 2015

Møtedato		Sakstilfang/frist
3. september:	Ordinært soknerådsmøte	
14. september:	Møte i valstyret (valoppgjer)	
24. september:	Siste ordinære soknerådsmøte	Økonomiplan 2016-2019. <b>Frist 28.sept.</b> Kvammen kapell Vurdering leiarlønn
	<b>Overgang til nye råd:</b>	
30. oktober	Konstituerande møte nytt sokneråd + innføringskurs	Konstituering. <b>Frist 1.-31. oktober</b> Vurdering av møteplan
	Sitjande sokneråd fråtrer	31. oktober
	Nytt sokneråd tiltre	1. november
17. november	Ordinært møte i nytt sokneråd	Indirekte valomgang bispedømmerådsval. <b>Frist 1.-30. november</b> Offerliste 1. halvår 2016.
	Nytt sokneråd tre i funksjon som fellesråd	1. desember

Konstituerande møte i oktober for nytt sokneråd kan kombinerast med lokalt soknerådskurs for nye sokneråd og markering av avtroppande råd, med middag. Forslag om fredag 30. oktober t.d. på Askvoll Fjordhotell.

## **INNSTILLING**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2015 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

## **SAMRØYSTES VEDTAK**

1. Askvoll sokneråd vedtek møteplan for hausten 2015 som det går fram av forslaget frå kyrkjeverja.

---

## **SR 2015/43 Evt.saker**

### **UTGREIING**

Det vart sett fram tre eventuelsaker i møtet frå Inger Lise Saltskår.

1. Utbetring av tilkomstveg til Vilnes kyrkje etter vannskade.
2. Situasjon med manglande lyssetting ved tilkomstveg til Vilnes kyrkje.
3. Framdrift for reparasjon av tårnparti på Vilnes kyrkje.

### **MØTEHANDSAMING**

Sakene vart drøfta.

### **SAMRØYSTES VEDTAK**

Sakene vart tekne til orientering, og vert følgt opp av administrasjonen.